

## ÅRSMELDING FOR 2012

### **1. Lokalhistoriske dagar og årsmøte Hordaland sogelag 2012**

Hordaland sogelag arrangerte i samarbeid Stord sogelag dei 31.lokalhistoriske dagane og årsmøte i helga 19. og 20. mars på Leirvik.

Arrangementet laurdag var lagt til Maritimt museum og Aker Kverner. Temaet var skipsbygging.

Festmiddagen laurdagskveld var i Fengelet restaurant. Årsmøtet søndag var på Grand Hotell.

Etter årsmøtet på hotellet søndag føremiddag, var det guida busstur med korte stopp ved Ottesen skipsbyggeri i Sagvåg og ved Litlabø gruver.

Stord sogelag hadde lagt ned eit stort arbeid, og dagane var interessante og vellukka.

### **2. Styre, revisorar og valnemnd for året 2012 – 2013**

Etter valet på årsmøtet i 2012 vart styret følgjande:

Leiar:	Else Marie Kind Hevrøy	(valt i 2012 for 1 år)	Fjell kulturminnelag
Nestleiar:	Mikal Heldal	(valt i 2011 for 2 år)	Tysnes sogelag
Skrivar:	Åse Eikemo Strømme	(valt i 2012 for 2 år)	Vaksdal historielag
Kasserar:	Einar Borgund	(valt i 2011 for 2 år)	Radøy sogelag
Styremedlem:	Marie Elisabeth Skutlaberg	(valt i 2012 for 2 år)	Kvam soge- og kulturminnelag
Varamedlem:	Jarleiv Haugland	(valt i 2012 for 1 år)	Lindås sogelag
Varamedlem:	Knut Farestveit	(valt i 2012 for 1 år)	Voss sogelag

Revisorar valde for 2012:   Leif Flesland, Fana sogelag  
  Marta Rykkje, Kvam soge- og kulturminnelag

Valnemnd :   Marit Bleie Mannsåker, Hardanger historielag       valt for 3 år i 2010  
                  Einride Aakra, Etne sogelag                               valt for 3 år i 2011  
                  Sigrid Kaale, Kvam soge- og kulturminnelag       valt for 3 år i 2012

### **3. Medlemslaga i Hordaland Sogelag**

Det var i 2012 registrert 34 medlemslag i Hordaland sogelag:

- |   |                                     |
|---|-------------------------------------|
| 1. Arna sogelag                         | 2. Askøy kulturvern- og historielag |
| 3. Askøy museumslag                     | 4. Austrheim kyst- og sogelag       |
| 5. Bergens historiske forening          | 6. Bømlo tur- og sogelag            |
| 7. DIS Hordaland                        | 8. Hjellestad og Milde historielag  |
| 9. Etne sogelag                         | 10. Fana sogelag                    |
| 11. Fjell kulturminnelag                | 12. Hardanger historielag           |
| 13. Kvam soge- og kulturminnelag        | 14. Kvinnherad sogelag              |
| 15. Laksevåg kulturhistoriske forening  | 16. Lindås sogelag                  |
| 17. Meland sogelag                      | 18. Moster sogelag                  |
| 19. Nord- og Midhordland sogelag        | 20. Osterøy sogelag                 |
| 21. Radøy sogelag                       | 22. Samnanger historielag           |
| 23. Stord sogelag                       | 24. Sund sogelag                    |
| 25. Sunnhordland folkemuseum og sogelag | 26. Tysnes sogelag                  |
| 27. Vaksdal historielag                 | 28. Vassvøri sogelag                |
| 29. Voss sogelag                        | 30. Vossestrand sogelag             |
| 31. Ættehistorisk institutt             | 32. Øygarden sogelag                |
| 33. Åsane historielag.                  | 34. Ytre Arna historielag           |

Åsane historielag og Ytre Arna historielag melde seg ut og i 2013 er det 32 medlemslag.

#### 4. Styret sitt arbeid

Styret har hatt 8 styremøte i meldingsåret, og har handsama 45 saksnr. Møtestaden har vore eit møterom hos Fylkeskommunen i Bergen.

Av saker på sakskartet for meldingsåret: Programmet til dei 31. lokalhistoriske dagane og årsmøtet 2012 i Hordaland sogelag, som vart lagt til Stord, og førebuing til dagane i Odda i 2013. Dei lokalhistoriske dagane er eit samarbeid mellom Hordaland sogelag og eit lokallag som vertslag. Hordaland fylkeskommune gjev eit årleg tilskot til desse dagane.

Planlegging av landsmøtet til LLH som er lagt til Rosendal 1.-2. juni 2013 har vore jobba med i samarbeid med Sunnhordland museum, Kvinnherad sogelag og LLH.

I tillegg til vanlege organisasjonsmessige saker har styret arbeidd med følgjande prosjekt:

##### **Studieturar – i vikingane sine spor:**

For sjuande året arrangerte Hordaland Sogelag studietur i vesterveg til land langs Nordsjøen der norske vikingar sette spor etter seg. I 2012 gjekk turen i dagane 20.- 27. juli, og målet for dei 16 deltakarane var austkysten av Skottland og stader der vikingane herja, samt historiske bygg og byar som har vore nært knyta til Vestlandet gjennom skottehandelen som var omfattande frå 1500-talet og i eit par hundre år.

Tidlegare år har turane gått til Island, Normandie, Hebridane, Isle of Man, Shetland/Orknøyane og Irland.

Det er gode grunnar til å gjenta nokre av turane – i eit tilbod for dei mange som ikkje hadde høve til å vera med.

Desse studieturane er eit godt lokalhistorisk tiltak. Dei som har teke del i desse turane, har fått gode kontaktar til mange sogelag i fylket, og ikkje minst det er ein god grunn til å halda fram med desse turane. Så det er mange av oss som har lært mykje om vidfarande nordmenn før oss.

I 2013 går turen i «austerveg» til Gotland om Danmark i august.

##### **Skottehandelprosjektet:**

Føremålet med prosjektet er å syna kor viktig handelen var for delar av Vestlandet gjennom fleire hundre år. Handelen gjekk i hovudsak til England/Skottland og øyane i vest, og var ei økonomisk drivkraft i mange av lokalsamfunna våre. Handelen førte og med seg ei kulturutveksling som har sett mange spor etter seg. Det er denne delen av vår historie me vil freista å formidla i notid.

Styret gjorde vedtak om at midlar avsette til prosjektet skulle overførast til Sunnhordland museum som då skulle ta på seg gjennomføringa av ei utstilling. Fylkeskommunen har løyvt storparten av desse midlane, og dei har godkjent overføring av pengar og korleis prosjektet skal gjennomførast. Gjennomføringa vert i regi av den tidlegare etablerte prosjektgruppa.

Skottehandelprosjektet har segla i motvind også i 2012.

Samarbeidspartane Sunnhordland museum, Bymuseet i Bergen, Kystsogevekene og Hordaland sogelag valde å satsa på eit filmprosjekt knytt til Skottehandelen. Fleire filmskaparar vart kontakta og utfallet vart at Kristin Sandberg søkte om stønad, men prosjektet vart ikkje innvilga i denne omgang. Grunnkapitalen til prosjektet er pr. i dag kr 140.000.

## **Kurs om innsamling av kulturminne:**

På årsmøtet 2012 vart Hordaland sogeslag oppmoda om å få til eit kurs om innsamling av kulturminne, og styret har no laga eit kursopplegg over to dagar. Kurset vil gå over 2 dagar: 27. februar og 17.april 2013 og vil vera i Fylkesbygget i Bergen. Alle opplysningar om kurset vart lagt ut på [www.hordalandsogelag.no](http://www.hordalandsogelag.no) og med brev til medlemslaga.

## **Temahefte:**

Frå Hordaland sogelag si side har me ei tid arbeidd med tanken på å gje ut temahefte der tidlegare publiserte artiklar frå ulike skriftseriar i fylket vert opptrykte på nytt i temahefte. Det ligg eit stort materiale i desse skriftseriane som ikkje er lett å finna fram til no, men som nok kunne få interesse i ei ny utgåve.

Det planlagde heftet om «Fiske og fangst» har bra med stofftilfang, men ei endeleg avgjerd om prenting vert teken i 2013. Søknad om litt prosjektstønad frå Hordaland fylke vart ikkje innvilga.

## **5. Kontakt med medlemne.**

Styret sende ut eit brev til medlemslaga vedlagt referatet frå lokalhistoriske dagar og årsmøtet 2011, og melding om det konstituerte styret.

Styret sende julebrev til medlemslaga i desember 2012, der det vart orientert om planlegging av studieturar sommaren 2013, datoar for årsmøte og lokalhistoriske dagar 2013 i Odda, og status for prosjektet Temahefte.

Kontakten med lokallaga har tidlegare i hovudsak vore gjennom brev i posten, men dei siste åra har det også vore ved å senda e-post. Det har vist seg at ikkje alle laga har e-postadresse. I tillegg har det vore vanskeleg å få laga til å senda oppdaterte postadresser.

Medlemslaga vert difor sterkt oppmoda om å halda styret i Hordaland sogelag oppdatert med både e-postadresse (mail) og postadresse, slik at dei kan få dei breva og tilboda som Hordaland sogelag sender ut. Dette kan best gjerast ved å fylla ut nytt meldingskjema etter årsmøtet.

I 2011 vart Hordaland sogelag si heimeside oppdatert og fekk ny adresse:  
[www.hordalandsogelag.no](http://www.hordalandsogelag.no)

I 2012 hadde sidene om lag 1232 besøkjande frå primo mai 2012. Om lag 79% kjem frå Noreg, USA 4,7%, Israel 2,8% og Canada 2,4%

## **6. Medlemskap i andre lag**

Hordaland sogelag er medlem av:

Landslaget for Lokalhistorie (LLH)  
Hordaland Folkeakademi

Frå LLH får medlemmane i styret tilsendt meldingsbladet Lokalhistorisk Magasin, som kjem med 4 nummer i året.

LLH står også for utgjevinga av Heimen, eit vitskapeleg tidsskrift for lokal og regional historie.

Landsstyret til LLH og landsmøtet 2013 skal leggjast til Hordaland.

Styret får god informasjon frå sekretariatet i LLH gjennom medlemsbrev som vert sendt i brev og e-post..

Frå Hordaland Folkeakademi får laget tilbod om kurs og samarbeid om kurs.

## **7. Representasjon**

Nestleiar i Hordaland sogelag Mikal Heldal er no varamedlem til landsstyret til LLH.

## **8. Sluttord**

Styret meiner at årsmeldinga for 2012 viser eit aktivt arbeidsår for laget.

Ebbesvika, februar 2012

HORDALAND SOGELAG  
Styret

Else Marie Kind Hevrøy(s) leiar	Mikal Heldal(s) nestleiar	Åse Eikemo Strømme(s) skrivar	Einar Borgund(s) kasserar
------------------------------------	------------------------------	----------------------------------	------------------------------

Marie Elisabeth Skutlaberg(s) styremedlem	Jarleiv Haugland(s) varamedlem	Knut Farestveit(s) varamedlem
--	-----------------------------------	----------------------------------